



VINJE

ÅSNE SVALASTOG
RJUKANVEGEN 207
3864 RAULAND

Dato: 20.10.2025
Vår referanse: 2025/7984-3
Sakshandsamar: Kjell Negarden

152/1 - Løyve til riving og gjenoppføring - Reidskapshus - Austbø

Tiltak: Reidskapshus
Tiltakets adresse: Rjukanvegen 207, 3864 Rauland
Eigedom: 152/1
Tiltakshavar: ÅSNE SVALASTOG
Ansvarleg søkjar: KNUT DRAUGEDAL
Bruksareal: 276,9 m²
Bebygd areal: 295,4 m²
Bruttoareal: 295,4 m²

Delegert vedtak: 193/25

Vedtak

Det vert gjev løyve til riving og gjenoppføring av landbruksbygg som omsøkt.
Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår gjeve i PBL og byggteknisk forskrift TEK-17.
Riving er utført.

Saksutgreiing

Bakgrunn og beskriving

Referanse:
Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20060002 Kommunedelplan Rauland.
Tidligere byggesak, saksmappenr. (jnr.) 1979/431.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 14.10.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 14.10.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/7984-1.
Tiltaket gjeld riving av landbruksbygning som er rasa ned, og oppbygging av nytt landbruksbygg.
Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Naboar er varsla 26.09.2025, det er gjeve samtykke 08.10.2025.
Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.
Det har heller ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne.
Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.
Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

tråd med sanitærreglementet for Vinje kommune gjer ein utbygger særskilt merksam på tekniske føresegner med krav om minsteavstand frå nybygg til VA-leidningar på 4 meter, samt kravet til overhøgde på minimum 90 cm frå botnsluk til samleledning.

Før tilkopling til både offentlege og private vatn- og avlaupsanlegg skal ein varsle avdeling for Teknisk drift og vedlikehald i Vinje kommune.

Der kommunen har eige overvassanlegg, skal ein knyte seg til dette. Forsvarleg handtering av overvatn er tiltakshavars ansvar.

Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeve løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Gebyr

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.07.2010 – sist oppdatert 01.01.2025:

Løyve til tiltak – Type tiltak : Landbruksbygning under 1000m² kr. 4.900,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 276,9 m² / 295,4 m²

Faktura for gebyr vert ettersendt. Faktura må betalast til forfall.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
ÅSNE SVALASTOG

Kopi til:
KNUT DRAUGEDAL